

Emnerapport våren 2024

Emnekode og navn: NOR-U4

Vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring

Norskkursa har ei gruppe på emnet NOR-U4. Kurset går over 12 veker og har klasseromsundervisning to dager per veke à to undervisningstimar (48 timer totalt).

Pensum er ei tekstsamling som består av artiklar om norsk språk og samfunn. Tekstsamlinga blir lagt ut på Mitt UiB. I tillegg les ein tre noveller og ein moderne roman. Emneansvarleg set opp fire romanar som studentane kan velje mellom. Ein av desse er på nynorsk. Romanane blir presenterte gruppevis.

I løpet av kurset skal studentane levere tre skriftlege tekstar og ha ein presentasjon om eit fagleg emne.

På Mitt UiB hadde studentane tilgang til ressursar knytt til tekstane og ekstra oppgåver, lydfiler og naturressursar, grammatikkoversikter og tidlegare eksamensoppgåver mm.

Ei kort oppsummering av timane blei lagt ut på Mitt UiB etter kvar time.

Studentgruppa bestod av tilsette ved UiB, utvekslingsstudentar (bl.a. fleire skandinavistikkstudentar) og eksterne. Frammøtet var godt, den faglege progresjonen for det meste svært god. Stemninga og læringsmiljøet i gruppa var svært god.

Eksamensrapport

Eksamensrapporten viser at eksamen har ein skriftleg og ein munnleg del. Skriftleg eksamen tel 2/3 av totalkarakteren.

Strykprosent og fråfall

Oppmeldt ved studiestart: 22

Oppmeldt til eksamen 14 dagar før: 22

Møtt til eksamen: 19

Bestått: 19 (100 %)

Stryk: 0

Gjennomsnittskarakter: C

Gjennomsnittskarakter munnleg: B

Gjennomsnittskarakter skriftleg C

Studentevalueringar

Det kom inn åtte/8 studentevalueringar, altså under halvparten av deltagarane. Det er nokså vanleg på dette emnet, men likevel ikkje heilt klart om svara som kjem fram er representative for gruppa.

I evalueringane ga studentane stort sett positive tilbakemeldingar på kurset. Ein del kunne ha tenkt seg mindre grupperarbeid og færre studentpresentasjonar. Elles gir dei uttrykk for at arbeidsmengd og vanskegrad på kurset var passe.

Samsvar mellom emnets læringsutbyttebeskriving og undervisnings-, lærings- og vurderingsformer

Emneansvarleg vurderer samsvaret som godt.